

Brynjulf Jung Tjønn – Smadra

Smadra er ei viktig bok om eit vanskeleg tema. Det er ikkje mange bøker om mødre som slår, og desto viktigare er denne boka. Ungdomsromanen handlar om Oda som ikkje klarar å fortelja om det som skjer, verken til far sin eller bestevenen, Milad. Den er skrive i eit poetisk og fortetta språk som også er enkel å lesa. Brynjulf Jung Tjønn skriv svært godt og med stor innsikt i korleis det er å vera ungdom med vonde hemmelegheiter.

Smadra er eit viktig bidrag til ungdom som treng ei bok som er lett å lese og av høg kvalitet, og boka opnar opp for viktige samtalar. Boka kom ut på Flamme forlag hausten 2018. Den har fått heile 79 bokmeldingar på Uprisen sine sider, og er nominert til Kritikerprisen for beste barne- og ungdomsbok.

Brynjulf Jung Tjønn debuterte i 2002 med romanen *Eg kom for å elske*, og har blitt ein anerkjent og kritikarrost forfattar. Han har skrive både barne-ungdoms- og vaksenbøker, og i 2013 fekk han Brageprisen for ungdomsromanen *Så vakker du er*.

Brynjulf Jung Tjønn er mottakar av **Ordknappen 2019** for romanen **Smadra**.



LITT Å LESE